



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandlar: Einar Lied

Melding om vedtak

ÅRIM

Vår ref.:
2016001395- 3

Dykkar ref.:

Arkiv:

Dato:
15.02.2017

Strategi for Årim - høyringsuttale frå Stranda kommune

Vi viser til Dykkar brev datert 31.10.2016. Det er gjort følgjande vedtak i saka:

13.02.2017 FORMANNSKAPET 012/17

Stranda kommune er godt nøgd med at ÅRIM har utarbeidd strategi 2017-2025, men vil kome med desse kommentarane:

Hovudmål 1:

Prinsippet om lik kostnad for alle abonnentar må vere ein klar føresetnad for innsamling av matavfall og nytte det til biogass og biogjødsel. Sjølv om meir skal sorterast og gjenvinnast må ein vere svært bevisst på å halde kostnadane nede.

Hovudmål 2:

Plassering av oppsamlingseiningar for avfall under jorda er positivt, og for Stranda kan dette vere aktuelt i sentrum av Stranda, Hellesylt, Geiranger og Liabygda, samt i tett utbygde bustad- og hytteområde.

Hovudmål 3:

Dersom ÅRIM skal drive meir aktiv bytte- og salstilbod i eigenregi må ein ha fokus på økonomi og vurdere nøye kvar slike butikkar skal etablerast og korleis logistikken vert lagt opp.

Når det gjeld støtte som ÅRIM kan gi til privatpersonar, lag og organisasjonar for å rydde i naturen (spesielt strandsona) rundt seg må dette i tilfelle gjerast godt kjent slik at alle i eigarkommunane kan nytte seg av desse midlane. Kan ein her tenkje seg at avfall innsamla på denne måten kan leverast gratis til ÅRIM, uavhengig av kven som er initiativtakar til innsamlinga?

Hovudmål 4:

Skal ein få til haldningsendringar er nok etablering av læringsarena i samarbeid med skulen rette vegen å gå. Sjølv om det kostar ein del vil nok fellesskapet tene på det i det lange løp.

Hovudmål 5:

ÅRIM meiner her at det skjer ei stor grad av dobbeltarbeid mellom kommunane og ÅRIM som gir unødvendig store kostnader. Ein del av punkta dei listar opp gir nok ei viss grad av dobbeltarbeid, men truleg ikkje i den grad det vert framstilt her. At faktura for renovasjon

kjem frå kommunen medfører ikkje særleg med ekstraarbeid (stort sett ei filoverføring) – men gir samstundes ei betre oversikt for kommunen som sender ut faktura for resten av tenestene. Forvaltning av avtale om behandling av avfall kan vel gjerast enklare og meir overførast frå kommunen til ÅRIM. Opprydding langs gater, i friområde og strender kan ved samordning verte meir effektivt – men også gi utfordringar med omsyn til synergiane ein i dag har med veg- og parkvedlikehald. Når det gjeld etterdrift og kontroll av avfalldeponi er dette no ein liten kostnad – men vi leiger i dag både til analyse av utteken prøve og vurdering av resultatet. Når ÅRIM også dreg inn forslag til plikt om å ha oversikt over vassforsyningsanlegg peikar det endå meir i retning av at ÅRIM ynskjer å ta over ansvar, oppgåver og arbeid som i dag ligg til kvar enkelt kommune. Her bør ein tenkje seg vel om og gjere nøye vurderingar før ein gir frå seg fleire oppgåver. Aktiviteten i kvar kommune vert då redusert og ein får endå meir sentralisering av oppgåvene.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Einar Lied
Kommunalsjef plan og utvikling

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.